

## Retningslinjer for tildeling av startlån i Radøy kommune

Vedtekne av Radøy kommunestyre i sak 025/16. Erstattar tidlegare retningslinjer vedtekne i sak 003/14 og 022/14.

Startlånsmidlar som Radøy kommune har teke opp i Husbanken, vert lånt vidare i samsvar med forskrift om startlån, Husbanken sine reglar for startlån og desse kommunale retningslinjene.

### 1) Om startlånsordninga

Ref forskrifta § 1

### 2) Kven kan få startlån

Ref forskrifta §3.

### 3) Gjeldstilhøve

Personar med gjeldsordning etter gjeldsordningslova vil til vanleg ikkje kunna få startlån. Søkjaren sin gjeldssituasjon vil kunna ha innverknad på utfallet av søknaden.

### 4) Avgrensingar

Bruken av startlån vil kunna variera av ulike grunnar. Startlån er ein avgrensa ressurs, og søknader kan verta avslegne fordi låneramma er oppbrukt eller avgrensa, eller dersom trongen for bustad kan stettast på annan måte. Når midlane er avgrensa, vert følgjande grupper prioritert:

- a) personar med nedsett funksjonsevne
- b) særleg vanskelegstilte
- c) førstegongsetablererar med små born.

Gruppe c) er avgrensa til husstandar med samla inntekt under 5G (einslege med born) eller 8G (familiar med born). Alle inntekter skal reknas med når grensa vert fastsett. Det er ein føresetnad at inntektsnivået er varig.

### 5) Kva kan startlån nyttast til

Ref forskrifta § 4

### 6) Føremålet med bustaden

Bustaden skal vera høveleg for husstanden, og vera rimeleg nøktern i høve til prisnivået på Radøy. Søkjaren må sjølv busetja seg i bustaden. Startlån vert til vanleg ikkje gjeve til bustader med fleire bueiningar, då dette ikkje er nøktern og standard bustad.

### 7) Låneutmåling

Låneutmålinga vert fasesett innafor 100% av kjøpesum medrekna kostnader, byggekostnader eller bustaden sin pårekna omsetnadsverdi. I tilfelle der kjøp av bustad skjer utanom den frie marknaden, skal det liggja føre takst utarbeidd av godkjent takstmann.

### 8) Kor stort kan startlånet vera

Radøy kommune gir til vanleg startlån berre som topplån der private finansieringsinstitusjonar eller Husbanken gjev grunnfinansiering. Startlån vil til vanleg vera avgrensa til kr 500.000. I særlege tilfelle kan det også gjevast bustadtilskot. Dette føreset at fleire kommunale tenesteområde er involvert i prosessen.

## 9) Vilkår

Eit lånetilsegn er gyldig i seks månader etter at vedtaket er gjort. Utbetaling av startlån vert gjort gjennom kommunen sin låneforvaltar. Forsikringsattest må liggja føre før utbetaling av lån kan gjerast. For nybygg må det også liggjar føre ferdigattest.

## 10) Rente- og avdragsvilkår

Renter og avdragsvilkår på startlån skal vera i samsvar med husbanken sine vilkår.

- a) Det vert berre gitt tilbod om flytande rente
- b) Løpetid er til vanleg 20 år, men kan vera lengre, jf forskrift a § 6.
- c) Det er 12 betalingsterminar pr år.
- d) Det vert til vanleg ikkje gitt avdragsfrie periodar. I særlege tilfelle kan det likevel sendast skriftleg, grunngjeven søknad om avdragsfrie periodar, maksimalt inntil 5 år.
- e) Radøy kommune plussar på husbankrenta 0,25 prosentpoeng til dekking av administrative kostnader

## 11) Pantesikkerheit

Startlån skal sikrast med pant i eigedommen, med prioritet etter banken som gir grunnfinansiering.

## 12) Saksgang

Søknad om startlån skal gjerast på eige skjema. All dokumentasjon må liggja føre før søknaden kan handsamast. Sørvistorget på kommunen kan gje rettleiing på utfyllinga.

I særlege tilfelle kan handsaminga av startlån, evt også bustadtilskot, verta gjort i samarbeid mellom fleire kommunale tenesteområde.

Når lånetilsegn er skriftleg akseptert av låntakar, vert all dokumentasjon sendt til kommunen sin låneadministrator, som for tida er Lindorff. Lindorff tek seg av all vidare sakshandsaming fram til utbetaling av lånet.

## 13) Klage

Søklar kan setje fram skriftleg klage på vedtak om tildeling, utmåling, avvising eller avslag på startlån. Klagen skal sendast til det kontoret i kommunen som har gjort vedtak om tildeling av lån. Dersom denne instansen ikkje gjer om på vedtaket, går det vidare til kommunen si klagenemnd.